

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.03.2014

Orienteringar

Utdanningsforbundet v/Turid Strømmen: Aktiviteten i Utdanningsforbundet.

Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim: Møteform og samarbeid utanom møta i OPHE

Inntaksleiar Nils Skavhellen: Status vedk. prognoseinntaket til skuleåret 2014/15.

YMSE

Vinnar av fylkesmessa for ungdomsbedrifter – Odda vgs - vil blir invitert til møte i Opplærings- og helseutvalet for å presentera sitt produkt.

Administrasjonen får følgjande oppdrag:

- Planlegging av ekskursjon til to etablerte 8-13 skular i Oslo i samband med møtet i OPHE i 16.-17.sept.
- Invitasjon til Fængselsundervisninga og Kyrre skole for orientering til OPHE
- Oversikt over alle typar ulike utdanningsløp for elevar i vidaregåande opplæring i Hordaland
- Undersøkja i kva grad arbeidsgjevar-/arbeidstakarorganisasjonar har høve til å nytta TV-skjermene i dei vidaregåande skulane til diverse informasjon.

OPEN TIME

Jane K. Stangeland sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Få ei sak på /diskusjon i seminar/ om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurdere ulike tiltak innanfor vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Aslaug Hellesøy sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Rekruttering til helse- og omsorgsfag: Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. Vurdering av:

- o Aktuelt å bruke kompetansebevis «delkompetanse» – praksisbrev ?
- o Stimuleringstiltak
- o Auka fokus på språkopplæring»

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Rosalind Fosse sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Fylkesutvalet stilte i møte 05.12.13 krav på 27 elever på idrettslinjen v/Etne vgs. OPHE er av den oppfatning at retningslinjene for samtlige skoler bør være like, jfr. Hjeltnes, Austevoll etc. OPHE ber om at Fylkesutvalet frafaller dette kravet, eller at det fremlegges sak slik at alle skoler i HFK blir behandlet likt med krav om antall elever på faglinjene».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend fylkesutvalet.

Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE oppfordrer rektor v/Amalie Skram vgs til å gå i dialog med Norges Handelshøyskole om et samarbeid, slik at elever har anledning til å ta fag ved NHH».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber om en sak om forsøk med fritt skolevalg på tvers av fylkesgrensene mellom Rogaland og Hordaland».

Forslaget vart vedteke oversend administrasjonen mot 4 røyster (AP + SP).

Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber om en sak med formål å etablere en ordning med praksisbrev i Hordaland (praktisk orientert opplæringsløp over 2 år)».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Ynskjer ei orientering om kva som vert gjort for å sikra gjennomføring i kroppsøving i den vidaregåande skulen på eit seinare møte».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.